



Årsmelding 2020

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.20 151 medlemmar. Det stod 46 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 39 personar med adresse Naustdal og 7 personar med adresse i andre kommunar.

Styret har hatt 3 styremøter sidan førre årsmøte. Styret har handsama 10 saker. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2020 var eit ordinært år, men vi har likevel gjort ein del investeringar. Vi har kjøpt nytt låssystem, fire nye brygger og ny landgang i Østre hamn.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er venteliste for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekne av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er omsett tre åttemetersplassar, og ein seksmetersplass er overdregen til slektning.

Etter § 20 i lov for SA Naustdal båtlag har eigar av båtplass plikt til å informere styret om utleige av plassen. Dette blir ikkje alltid oppfølgt av alle, og det skapar problem for hamnesjefane som ikkje veit kven som eig båtar i hamna. Det er derfor investert i nytt låssystem, og det vert fremma sak på årsmøtet i 2021 om å endre reglane for utleige.

Innkrevning av medlemskontingent og årleg leige krev ein del tid og ekstra arbeid når folk ikkje betalar i tide. Styret oppmodar derfor om at alle betalar innan fristen.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2020 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 26.702. Styret er tilfreds med dette resultatet.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2020.

Styret:

Leiar:	Daniel Stave	på val 2021
Nestleiar:	Roy Arne Flo	på val 2021
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2021
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2022
Styremedlem:	Helge Stølsvik	på val 2022
<i>Revisor:</i>	Oddbjørn Schei	på val 2021
	Bjørn Olav Erdal	på val 2022
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2021
	Harald Myklebust	på val 2022

Hamnesjefar

Henning Svoen og Leif Hafstad har vore hamnesjefar i 2020.

Henning svoen har no vald å takke for seg etter lang og tru teneste som hamnesjef.

Styret jobbar derfor med å finne ny person i denne posisjonen.

Hamnesjefane har vore kalla inn til dei fleste styremøta. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på 5000. Dei øvrige styremedlemmar har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 4 båtplassar i 2020.

Det står 46 på venteliste for kjøp av båtplass.

Dieselanlegget.

Frå 1. januar 2018 har Farsund og Naustheller drifta dieselanlegget.

I 2020 vart det gjennomført ei større oppgradering på dieselanlegget. Det vart derfor einigheit mellom båtlaget og Farsund og Naustheller om å sette den årlege leiga til kr 0,- for åra 2021-2026.

Møte med Naustdal kommune

I oktober 2020 vart det signert ny leigeavtale med Sunnfjord kommune for leige av småbåthamna. Avtalen har ei varigheit på 10 år.

Ombygging/utbygging i båthamna

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe på to medlemmar som har arbeidd med ei eventuell ombygging/utbygging i båthamna. Det har vore henta inn uttale frå involverte etatar. Dette arbeidet er no slutført, og det vert lagt fram sak om dette på årsmøtet 2021.


SMS varsling

Båtlaget kan no tilby SMS varsling til medlemmane. Det kan for eksempel vere aktuelt i samband med forhold i båthamna, uvær etc. eller ei påminning om årsmøte, dugnad mv. Ordninga er gratis for medlemmane. Ønskjer du SMS varsling må styret ha ditt mobilnummer. Send ein SMS til styret ved Daniel Stave, mobil [908 35 306](tel:90835306) og skriv i meldinga «Ønskjer varsling» og ditt namn.

Heimeside/Facebook

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida. Båtlaget har også ei side på Facebook.

For styret



Daniel Stave

-leiar-